



LINDÅS KOMMUNE

KNARVIK BARNESKULE

5902 ISDALSTØ

TELEFON 56375036

Foreldre/føresette
v/Knarvik barneskule.

BRUK AV SYKKEL/SPARKESYKKEL TIL/FRÅ SKULE.

Skulen har i alle år oppmoda om at elevane ikkje nyttar sykkel til/frå skulen før dei kjem på 5. årssteget.

Vi vil no og oppmoda om at elevar på 1. til 4. årsstega heller ikkje nyttar sparkesykkel eller anna utstyr med hjul til/frå skulen.

Saka har vore drøfta i SU og vi oppmodar om at di yngste elevane ikkje nyttar slikt utstyr med bakgrunn i trafikksituasjonen kring skulen og i bygda generelt. Dei yngste elevane har ikkje føresetnad for å lesa trafikkbiletet på same måte som eldre elevar har.

For elevane frå 5. årssteget og oppover gjeld følgjande reglar i høve til bruk av sykkel/sparkesykkel:

- Ein skal nytta hjelm.
- Sykkelen/sparkesykkelen skal ikkje nyttast i skuletida og skal stå parkert på avtalt stad. Sykkelen bør låsast.
- Ein skal ikkje vera to eller fleire på ein sykkel.
- Foreldre/føresette må sjå til at sykkelen/sparkesykkelen er i god stand.
- Skulen har ikkje ansvar for syklane/sparkesyklane som elevane har med på skulen.

Knarvik barneskule 29.4.14.


Terje Hugo Aarvik
-rektor-